Ottar Røyset

Lagbilde:







ÅRSMELDING 2021 - HAREID IL FOTBALL - GUTTER 13 ÅR

1. Fotball Gutter 13 år f. 2008.

2. Trenere: Joar Gjerde, Hogne Grimstad, Jan Endre Rise Håvard Bjåstad og Gustav Bjørlykke
Lagleder: Olav Korshaug og Christoffer Bakkely/Marius Haugen

3. Vi er pr i dag 23 spillere:

Av disse er det 19 som er fødde i 2008 og 4 stk som er fødde i 2007

Vi har på det meste vært 26 spillere i gruppa inkludert 5 stykker fra 2007 kullet.

4. Treningsstider:

Sesongen 2021 har vært normal mht treninger.

Vi har hatt 3 treninger i uka gjennom heile sesongen der en av disse har være i Hadarhallen

Når seriespillet har pågått har vi har to treninger i tillegg til kamp

5. Vi har i 2020 sesongen stilt med 2 lag (Hareid 1 og Hareid 2) i serien:

Vi har hatt ett 9'er lag og ett 7'er lag, begge disse har spelt på nivå 2.

Vårsesongen blei spesiell med sein oppstart av sesongen grunna Korona tiltak og mange omberamminger av kamper. Hareid 1 fikk spille alle sine kamper på vårsesongen, mens Hareid 2 fikk spelt kun 2 av seriekampene i vårsesongen grunna Korona tiltak mot lag fra Ålesund regionen.

Haustsesongen har blitt spelt som normalt for begge laga

Ingen Cuper er spelt denne sesongen

6. Økonomitiltak:

Det har blitt gjennomført en innbetaling fra alle forelde til lagskassa, vi har i dag 11 000,- i denne.

7. Sosiale arrangement:

Det har ikke blitt arrangert sesongavslutning med et sosialt innslag ennå, dette vil bli gjort før årsslutt.

8. Generelt

Det har gjennomgående vært svært godt oppmøte blant spillerne på kamper og på treninger Resultatmessig har begge laga klart seg greit i sine grupper, det har nok vært størst utfordring for Hareid 2 som har veldig stor spredning av ferdigheter i laget.

En av utfordringene vi har hatt i sesongen er at vi har fått flere nye spillere som enten har spelt lite fotball eller har ingen fotball erfaring. Dette har ført til store utfordringer både på treninger og på kamper grunna veldig stor forskjell i ferdigheter i spillergruppa.

Positivt at vi har fått Håvard og Gustav inn i trenergruppa, eneste utfordringa at de har hatt begrensa kapasitet i haust når seriekampene har pågått både for G13 og A laget.

Foreldrene har bidratt positivt med kjøring til bortekamper og som kampverter på hjemmekampene samt smittesporingen som det har blitt stilt krav til.

Vi har som første sesong spelt i Ungdomsklassen med innrapportering av kamper i FIKS samt utnevnte dommere fra kretsen. Her har vi blandede erfaringer.

ÅRSMELDING 2021 - JENTE 13 (2008)

STØTTEAPPARAT:

Hovedtrenarar- Per-Håkon Kleppe – Magnar Grøttå

Hjelpetrenar--Bjørn Brekke

Lagleiar- Siw-Monica Brandal

SPELARAR:

Nathalie Brandal- Andrine Hestad Brekke - Sigrid Brandal Drevland - Alida Grøttå - Julie Sjåstad Kleppe - Thanura Premakumar - Lisa Utgård Rolfsrud - Pranaya Selva - Ada Strømsjordet- Kristine Severine Lillebø-Andrea Kvalsund-Annie Grøttå-Anna Louise Holstad-Wictoria Pierzynovska- Elvira Stamnes-Anna Maria Pilskog Bitocchi-Lone Bigset Finvik

Vi har trent på Hareidsmyrane stadion ein gong i veka og i Hadarhallen ein gong i veka.

Nokre av jentene har hospitert på J15 på kampar

Jentene har ganske godt oppmøte på treningane, men det varierer litt pga at en del har mykje andre aktivitetar.

Vi har spelt 9-er serie i 2.divisjon og møtt Ørsta, Emblem, Skodje/Ellingsøy, Sif/Hessa, HaNo .

Vårsesongen vart ganske amputert pga smittesituasjonen og fleire kampar vart utsatt og avlyst.

Vi har vunne en kamp og hatt to uavgjort, resten tap.

Mange av kampane var jevnare enn resultatet tilsa.

ØKONOMITILTAK/SOSIALT

Det har våre lite økonomitiltak denne sesongen, men vi får inn nokre kroner på Spond Cashback og vi hadde et Spond lotteri der vi fekk inn nokre tusen til lagskontoen. Så vert det sikkert kiosksalg på grendacupen som kjem godt med sida vi tenke det vert Norway Cup neste år.

Vi planlegg ei avslutning no før jul.

Vi brukar Spond flittig, der må foreldra eller spelarane svare ja eller nei både til trening og kampar. Det vert også gitt informasjon der i tillegg til facebook-gruppa vår.

Vi startar opp med felles treningar attmed 2007, 2009 og 2010- modellane no når sesongen er over og hovedtrenar vert Ottar Røyset.

Mvh Siw-Monica Brandal



ÅRSMELDING 2021, GUTAR 12 ÅR (f.2009).



1. Årsmeldinga gjeld gutar 12 år, fødde 2009.
2. Hovedtrenar har vore Cecilie Skeide. Hjelpetrenarar har vore Roger Hauknes, Sigbjørn Nordstrand og Jan Ove Hareide. Lagleiar Evelyn Røren.
3. Namn på spelarar som starta i januar 2021:

Malach Mabior Alier

Tobias Skeide Bigset

Jakob Fuglseth Bjåstad

Maksymilian Bolek

Elias Fjelle

Maksym Fras

Denis Gawedzki

Isak Nerland Gjerde

Romeo Hareide

Rolf Hauknes

Markus Husby Holstad

Gabriel Røren Kvalsvik

Elias Indreflø Mork

Storm Overå Nordstrand

Audun Lyder Røyset
Elias Kragset Røyset
Nils Skapsts

Laget består pr. i dag 13.11.21. av 17 spelarar.

7 av desse spelarane har vore deltagarar på Satelittsamlingar i regi av kretsen:

Tobias Skeide Bigset
Maksymilian Bolek
Denis Gawedzki
Romeo Hareide
Rolf Hauknes
Gabriel Røren Kvalsvik
Storm Overå Nordstrand

4. Sesongen 2021 har vi trena tysdagar (1800-1930, KGB), torsdagar (1800-1930, hallen) og fredagar (1800-1930, hallen). Fleire av spelarane har også deltatt på ekstratreiningar dei laurdagane det har vore tilbod om det. I sommarferien fekk alle på laget tilbod om å trenere i lag med G13, og dette tilbodet varte også utover hausten i tillegg til dei vanlege treningane.
5. Gutar 12 år har i 2021 spelt serie. Vi har hatt 2 lag i seriespel, eit njarlag «Hareid Tornado» og eit sjuar/femmarlag «Hareid Kuling». Tornado var oppmeldt på nivå 2. Kuling på nivå 3 (Der blei ikkje nivå 3 så dei har spelt nivå 2). Kvart lag har spelt alle sine seriekampar i sine respektive puljer. Laga har klart seg godt.
Der har i tillegg vore spelt treningskampar mot Hareid G13, Hødd og Bergsøy.
6. I 2021 har vi ikkje hatt økonomiske tiltak for laget.
Før sommarferien hadde vi ei pizzaavslutning på klubbbhuset og vi planlegg avslutning før jul med pizza, fotballquiz og filmsnuttar frå kampane våre gjennom sesongen. No i november blir det i tillegg fotballkamp på Color Line stadion, sponsa av Sparebanken Møre, og pizzasamling og framsyning av landskamp på klubbbhuset i lag med G11.
7. Gutane viser stadig framgong, interesse og treningsglede. Vi har haldt fram med vektlegging av verdiar, haldningar og veremåte i sesongen som har gått. Gutane responderer godt på dette og det er god stemning i laget.
8. Alle som er nevnt under punkt 2., held fram.

Mvh

Evelyn Røren, 13.november 2021.

ÅRSMELDING 2021 – HAREID G-2010



Bilde til venstre: Hareid-Bergsøy 10.06.21 girri girri gasja

Bilde til høgre: pizza på Napoli. Avslutningsfest 2020 sesongen (starten på 2021 😊)

1. **Hovudtrenar:** Lars-Petter Bjørlykke,
Hjelpetrenarar: Anders Pilskog, Sebastian Bjørlykke, Ingar Hovden
Lagleder: Christoffer Bakkely
2. **Vi er pr i dag 10 spelarar:** Anusan Esan, David Hovden, Dennis Dimmen Furset, Leon Gjerde-Sæther, Maxmillian Hansen Bjørlykke, Prajiv Selva, Simon Jøsokbakke Bigset, Thomas Severin Bakkely, Wiktor Jaszewski, Omar Khaled Al-Harake (starta vår 2021), Elias Grotheim Haugen (slutta sommar 2021)

Treningstider:

Vi har hatt 2 faste treningar i veka, tysdag og torsdag. I vinter var det også moglegheiter for ekstra treningar på fredagar og søndagar, i lag med 2009. Samt ekstra treningar som ble arrangert av klubben.

I starten av året la vi til rette for felles treningar med 2009. Dette gjorde vi for å få det kjekkare på trening. Med ei gruppe på 9 gutter, ofte kunn 5-6 på trening, ble det fort kjedelig og lett konfliktar/uro.

Vi fekk utrulig god hjelp av G-2009 og Cecilie Skeide i løpet av vinteren for å gjennomføre treningar, med differensierte grupper. Felles treningane har fungert betre og betre, vi føler det har gått ganske smidig utan negative tilbakemeldingar.

Vi ønsker å seie tusen takk til Team Cecilie for all hjelp, vi veit det var til tider utfordrande for dei.

Vidare har enkeltspelarar frå G-2011 vist interesse for ekstratreningar saman med oss, og dei har også fått vere med på fleire av kampane. Dette blir viktig for oss å vidareføre og utvikle til neste år.

Samt å få på plass eit hospiterings samarbeid, sidan vi skal spele 9ar.

3. Serie:

Vi har hatt eit 7ar lag i serien. Enkel serie vår og dobbel haust. Mot Hødd, Volda, Ørsta og Bergsøy. 12 kamper. Vann 10, 1 uavgjort og 1 tap.

4. Cup:

Vi har ikkje delteke på nokon cupar denne sesongen

5. Sosiale arrangement:

Sosial kveld med VM-kvalifikasjon på storskjerm på klubben. Elles planlegg vi sesongavslutning med brus og pizza (eller noko slikt).

Generelt

Fjaråret var preg av turbulens og uryddige treningar og særleg kampar. I år har kvaliteten på treningane vore veldig bra, og vi har på mange måtar lukkast i å snu trenden frå tidlegare.

Vi må å skryte mykje av Anders og Sebastian som kom inn tidleg i vår, dette har slått veldig positivt ut i gruppa vår, begge har bidratt i større eller mindre grad. Dei har hjelpt til både på trening og som kampledar. Anders har etter avtale med oss hatt fast rolle som kampledar.

Bruk av villig ungdom er ei løysning som anbefalast til andre lag som har trenger hjelp for å løyse trenar kabanen. Håper dette blir eit satsingsfelt for fotballgruppa.

Vi har framleis ein jobb å gjere og vil ha fokus på trivsel og fair play i gruppa. Vi opplever i blant negative tilbakemeldingar frå motstandarlag, men trur mykje heng saman med eit inntrykk av laget vårt over fleire år. Før kvar kamp har vi ein god dialog med motstandar og snakkar om utfordringane vi har og jobbar med. Dette ser ut til å fungere. I alle fall så lenge vi vinn kampane. Tap må lære å takle betre.

Helsing
Team Hareid G-2010

Haried G2011

Trenara:

Jan Ove Fure (trenar) (Slutter etter sesongen)

Tommy Moldskred (trenar)

Anders Eidsvik (trenar)

Ottar Røyset (trenar) (slutter etter sesongen)

Sigrid Jønsson 2021

Spelara: 22 gutter Vi haren en mindre enn 2020.

Abilasan Jeyathas	Benjamin J Kvalsvik	Benjamin Teigene-Sæter
Ask W Johansen-Stuen	Birk H Grimstad	Brede K Roset
Emil Hammervold	Lester Jacobs	Gullik Røyset
Håkon S Nytun	Isak S Andersen	Mario Lillebråten
Karl R Grimstad	Karsten Øvrelid	Kristian R Mork
Liam Nerland-Gjerde	Noha Teigene Eidsvik	Odin Pedersen Røyset
Oskar Falty	Phillip Håbakk Moldskred	Sander Leikanger Nesset
Svein Egil Bjåstad (S)	Vinter Brandal Johansen (S)	
(S) = slutta		

Treningsmengd:

Vi har gjennomført to treninger i veka. Vi har nytta oss av både KGB og Hadarhallen. Opmmøte har vært særsla og har gitt oss utfordringar i forhold til at vi har hatt til tider begrensa trenarressursar. Etter sesongen har vi fått tilført ekstra trener ressurser Adolphus J Jacobs og Johannes Knardal.

Flere av guttene har i tillegg trent med G11 og lagt inn mye egentrening i form av at de har vært på treningsfeltet på egenhånd flere ganger i uka.

Turneringar og serie.

Vi har deltatt på ei turnering på Høddvoll i år i tillegg til vanlig serie. Vi har stilt med to lag i serien. Resultatene har ikke vært de beste, men gleden og viljen til å prestere har vært bra. Vi har delt gutane inn i to like lag når det gjelder nivå.

Sportslegframgang:

Flere av spillerne har vist stor fremgang. Dette ser vi også igjen når flere av guttene har fått spille på G11 der de har tatt nivået bra. Vi legger stor vekt på det sosiale i gruppa i tillegg til at vi nå stiller mer og mer krav til disiplin og lydighet på treninger og kamp. Fotballfaglig fokus er pasningsspill og overblikk, mye småspill i firkant og brudd. Fokus på posisjoner på banen samt å holde opp intensiteten gjennom hele treningen og kamp. Dette har vi sett fremgang på.

Kondisjonstrening er noe som vi har med i de fleste øvelsene og som er viktig for våre spillere for å videreutvikle spillergruppen.

Økonomitiltak:

I 2021 har vi gjennomført et økonomiske tiltak retta mot laget.

Lodd salg.

I tillegg så har vi Spond Cashback: Dette har også gitt noe inntekt til laget.

Ettersom Haried IL fotball har tatt over styringen over kontoen så er det vanskeligare å fylge med på lagets behov for pengar.

Sosialt:

Vi har fortsatt fokus på å skape en trygg og sosial gruppe med høyt fokus på Fair Play. Vi jobber også med å fremstå som en profesjonell gruppe utad. Etter sesongen arrangerte vi sosalkveld med landskamp på klubbhuset. Vi serverte pizza og brus og hadde en hyggelig kveld med engasjerte gutter.

Utfordringar

- Trenerkabal

Vi har nokon utfordringa når det gjelder trenarressursar. Vi er fire trenara men to av dei jobbar offshore turnus. Vi har ei stor spelargruppe slik at det blir vanskeleg å gjennomføre gode treninga med bare to trenara til stede. Dette har løst seg nå med å få inn Adolphus J Jacobs og Johannes Knardal. De kan nå representere en stabilitet i tillegg til Tommy og Anders fortsetter som hovedtrenere.

- Utstyr

Vi har eit skrikende behov for nytt utstyr Det er et stort forbruk av baller og kjegler. Det er eit behov for at heile klubben går gjennom utstyr og at vi blir enige om hvilken retningslinjer vi skal ha for oppbevaring av utstyr.

Vi har stor tru på med et godt treningsgrunnlag i vinter så vil flere av guttene utvikle seg videre og vi vil stille sterkere i 2022 sesongen. Vi kjem til å stille med to lag i serien og så vurderer vi fortløpande om vi kan bli med på turneringa eller kanskje også arrangere noko sjølve.

Ottar Røyset







Årsmelding Hareid G9 (f.2012)

Trenar: Andre Egset Nupen. Assistenttrenarar: Daniel Slettebakk, Lars Petter Bjørlykke, Frank Robert Moldskred.

Lagleiar: Kristian Angelsen.

Spelarar:

Sondre Brune Slettebakk, Jonathan Hansen Bjørlykke, Even Røyset, Emil Teigene Røyset, Tobias Fjørtoft Nupen, Timian Andre Holstad, Elias Almlí Moldskred, Ajay Jeyabalasingam, Majd Thaer Shahoud, Mohammed Alaytam, Magnus Rolfsrud, Kendrik Lillebø, Daverk Fussle Holstad, Hugo Kristiansen, Gulliver Gryt, Simon Brekke Sandvik.

Laget har trent 2 gongar pr.veke i Hadarhallen. Før sommaren trente vi mandag/torsdag. Etter ferien tirsdag/torsdag. Vi har over 90 % oppmøte året sett under eitt. Dei aller fleste har ekstremt godt oppmøte.

Etter barnefotballen fekk starte oppigjen med aktivitet over kommunegrensene har det vore hektisk. Vi har deltatt med 2 lag i seriespel samt deltatt på cupar. Det har vore turnering i kretsen sin regi (miniturnering) på Larsnes, Vanylven, Hasundgot medan vi også har deltatt på Tare Cup på Høddvoll. Totalt har vi spelt rundt 50 kamper i år. Dette har resultert i 48 sigrar og 2 uavgjorte kamper. Utviklinga i laget har vore svært god og alle saman har lagt ned ein kjempeinnsats. Vi har også hatt med nokre spelarar frå årskullet under i enkelte kamper. Dei har også bidratt veldig positivt inn i treningsgruppa vår. Her ser vi fram til vidare samarbeid.

Vi har hatt digitalt loddsalg i 2021. Her gjorde samtlige ein veldig god innsats og vi fekk lagt ein god buffer i lagskassa vår. I tillegg hadde vi kiosken under ein a-lags kamp i haust. Av sosiale ting skal vi i slutten av November halde avslutningsfest for spelarane. Her vert det god mat, drikke og premiar for innsatsen som no er lagt ned.

Vi har hatt eit godt år. Det er ein treningsivrig gjeng som stort sett alltid opptrer godt og har gode haldningars inn mot trening og kamp. Enkelte ting har vi jobba med men vi føler det har gitt dei forventa resultata. Vi opplever daglig leiar som veldig samarbeidsvillig og er strålende fornøgd med oppfølginga vi har fått frå både han og materialforvaltar i klubben.

Støtteapparatet for 2022 er pr.dags dato ikkje satt men vi er innstilt på at det skal vere det samme som i 2021. Her vil daglig leiar/styre bli informert når ting er endelig.

Kristian Angelsen
Lagledar G9

ÅRSMELDING 2021 - GUTAR 8 ÅR



1. Årsmeldinga gjeld gutar 8 år, fødde 2013.
2. Trenrarar har vore Vidar Longva, Espen Beiermann og Benjamin Reite.
Lagleiar er Steffen Urke.
3. Namn på spelarar som har vært med gjennom 2021:

Aksel Teigene Eidsvik
Albert Nguyen Lillebø
Emil Grimstad Beiermann
Fillip Storøy
Gabriel Brekke
Hans Theodor Gaasø Teigene
Jasi Ketheeswaran
Johannes Juul-Grimstad
Jonas Øvrelid
Latheeshan Jeyachandran
Leon Hove Røyset
Nikolai Longva

Samuel Gomes Urke
Sebastian Holstad Flø^o
Torkil Jessen
Trym Reite Urke
Øystein Ulfseth

Laget består 17 spelarar, som er ein reduksjon på 1 speler frå 2020.

4. Gruppa har hatt trening to gonger per veke i Hadarhallen, kvar økt med ein time varighet.

5. Gutar 8 år har i 2021 delteke på:

Juni:	Miniturnering, arrangør Bergsøy
August:	Miniturnering, arrangør Åheim
September:	Miniturnering, arrangør Hødd
	Tafjord Cup på Blindheim
Oktober:	Tare Cup i Ulsteinvik

I tillegg har laget spelt seriekamper, vårsesong og haustsesong.

G8 har stilt med 2 lag i alle kampar gjennom 2021.

6. Laget har ikkje hatt eigne økonomitiltak dette året, men gruppa brukar Spond. Medlemmane har vorte oppfordra til å registrere seg på Spond Cashback, som vil gi pengar til gruppa når ein handlar hos ein av partnarane av dette programmet.

7. Gutane har hatt stor utvikling og framgang i laupet av året.

8. Alle i støtteapparatet held fram i 2022.

Steffen Urke
Lagleiar G8

Hareid 10.11.2021

Årsmelding for J07 og J08 2021 (Samlelag for jenter født i 2015, 2014, 2013, 2012 og 2011)

Dette er eit nytt lag som hadde oppstart litt etter skulestart i 2020. I starten av 2021 var det Silja Øvreliid som var hovudtrenar, medan Georg Eikrem Olsen var med som hjelpetrenar. Mona Hovden kom til som lagleiar litt ut på året. Det har vore stor vekst i spelargruppa, særleg første halvdel av 2021, dette har også skapt utfordringar på trenarsida. Det vart difor jobba hardt i august/september med å få på plass fleire i trenarapparatet. Hilde Årsbog og Daniel Jacobs kom først til som hjelpetrenarar, der etter har Grzegorz Janiak kome til. Arve Nytun og Øyvind Grimstad Gryt har også vore til god hjelp fram til deira born slutta/tok pause no seint på året. Halvard Grimstad kom også til som lagleiar på hausten 2021 for dei eldste jentene, slik Mona kunne vere lagleiar for dei yngste jentene. Dette har samanheng med at ein i løpet av året har delt gruppa i to lag: J07 og J08.

Følgjande jenter har vore/er med på laget i 2021 med fødselsår i parantes:

Alva Gryt (2015)

Camilla Johansen (2013)

Daria Ghazi (2013)

Elise Nevstad (2014)

Ella Hovden (2014)

Gabriell Folkestad (2013)

Gine Gaasø Hauge Teigene (2011)

Helle Bekkemellem Olsen (2013)

Ingeborg Siring Grimstad (2013)

Ingrid Holstad-Dalsøren (2012)

Ive Stokke Nytun (2014)

Julie Hjørungnes Riise (2013)

Laura Brekke Teigene (2015)

Lilly Brandal (2012)

Lykke Maria Kreku-Rise (2015)

Magdalena Sande (2013)

Maria Holstad-Dalsøren (2014)

Nina Janiak (2013)

Olivia Emilie Brandal (2014)

Regine Pedersen Røyset (2014)

Sharani Satheeskumar (2013)

Vilma Olava Gaasø (2013)

I tillegg har det vore 5-6 jenter til innom på nokre prøvetreningar, der det anten har resultert i at dei har valgt å halde på med noko anna, eller at dei spelar med andre lag (G06 eller J12).

Jentene har første halvår i 2021 hatt trening ein gong i veka i Hadarhallen. Etter sommaren har dei eldste (J08) hatt to treningar i veka, begge i Hadarhallen. Vi har hatt påmeldt lag i miniturneringsserie, eit lag i J07 klassa (3ar fotball) og eit lag i J08 klassa (5ar fotball). Begge laga har også vore arrangør av kvar si runde med miniturnering i Hadarhallen.

Ein har per no ei veldig stabil treningsgruppe, særleg for dei eldste jentene (dei som hører til J08). Det som dessverre er utfordrande er at treningstidene til desse årsklassene er samtidig for fotball og turn. Mange vel difor turn framfor fotball, i staden for å ha moglegheit til å drive med begge deler. Dette bør ein prøve å løyse når ein skal bestemme treningstider for neste år.

Det er også uvisst korleis det blir med trenarar neste år. Det er per no berre Grzegorz som er trenar og faktisk har born på laget. Silja fortset så lenge ho har anledning til dette, men det har vore treningar som er vanskeleg å gjennomføre grunna trenarmangel. SU burde truleg vere påkopla for å sikre at ein har trenarar nok i 2022 også, slik ein greier å tilby dei yngste jentene eit godt tilbod i klubben vår.



Lagbilete etter miniturnering i Hadarhallen i juni.

1. Hareid Gutter 2014
2. Lagleiar: Odd-Magne Brandal
Coach: Bjørn Vegard Bjåstad
Trener stab: Ingar Hovden, Magnus Sveen, Marcus Brandal og Kim Tore Husøy
3. Spiller gruppen:
 1. Ailo Solvåg Hansrud
 2. Alexander Hovden
 3. Brodd Bjåstad
 4. Chol Mabior Alter
 5. John Martin Talberg
 6. Kevin Elias Hovden Skoge
 7. Leander Larsen Kvalsund
 8. Leon Indreflø Brandal
 9. Liam Kjøde Brandal
 10. Martin Digranes Sveen
 11. Nathaniel Kvamme Angelo
 12. Noah Leikanger Jønsson
 13. Odin Sundgot Andersen
 14. Oscar Elijah Husøy
 15. Pedro Lima
 16. Theo Hjørungdal
 17. Viljar Vingsternes
 18. Kevin Baragan
4. Denne gruppen har fra sommeren -21 benyttet seg av en trening i uken, mandager 17-18.
Vi har etter Høstferien startet opp med en spill basert trening, fredager kl 17-18.
Her har det bare vært 5-6 gutter som har vært med, men de får mye spill å ball erfaring.
5. Turneringer:
 - Hareid Juni, organiserte turnering for Hareid og Hjørungavåg, både jenter og gutter
 - Leikong 28 august
 - Larsnes 02 oktober
 - Høddvoll Tarecup
 - **Volda cup november 20 november blir ikke noe av**

Hareid har stilt ett lag i alle turneringer, da vi har hatt forlite spillere tilgjengelig for å stille to lag. Bør ha 12 for å stille 2 lag, da vi har et par spillere som ikke alltid har dagen.
Guttene har fra første turnering gitt alt og blødt for drakten. Vi har ikke gjort oss bort og har vunnet mer en vi har tapt.

Hadde planlagt å melde på et lag til Volda sin cup, nå i slutten av november, men undertegnede glemte å melde på lag. Da fristen var ute, og undertegnede, kontaktet Volda var det for sent. Cupen var fullbooket

Vi har også valgt å ikke melde på lag til Blindheim og Emblem sine cuper, grunnet Corona.

6. Vi har i høst arrangert et loddssal via Vipps og fikk in litt over 10' kr til lag kassen.
Vi skal etter plan gjennomføre sosialt samvær 12 november på klubbhuset, etter en treningsrunde i hallen først.
7. Det positive denne sesongen er at vi har hatt et jevnere oppmøte, min 10 stk på hovedtreningene. Vi jobber fortsatt med å få kontroll på spillerne, de er fortsatt så unge at vi sliter med at de ikke hører etter hele tiden.
Vi må fortsatt jobbe med kommunikasjon og det å ta imot en beskjed.
8. Så vidt vi vet, blir der ikke noen endringer i støtteapparatet.

Hareid Juni -21



Leikong august -21



Larsnes oktober -21





Årsmelding G/J2015

Trenerarar:

Christer Haddal, Kim Tore Husøy, Ole Kristian Haddal, Trond Jarnes, Thomas Pedersen, Fredrik

Abrahamsen, Joachim Moldskred

Lagleiar: Janita Naustenget

Spond ansvarleg: Christer Haddal /Janita Naustenget

Økonomi ansvarleg: Janita Naustenget

Spelere(Totalt 29 stk)

Aaron Elvebu Trulsen, Aron Haddal, Bror Stokkevåg, Emil Wengstad Rosland, Jeremy Jacobs, Kendrick Weru Johnson, Ludvig Naustenget Aarvik, Oscar Elijah Husøy, Kubrom, Ottar Elias Røren Stridh, Peder Johan Smidesang Jarnes, Thomas Sundseth, Trym Bigset Pedersen, Trym Hareide Hammervold, Vilde Brandal Øvreli, Andre Sporstøl Saunes, Aslak Røyset, Cederik Holstad Fussle, Daniel Haugen, Isak Juul Bjåstad, Konrad Lynge Ekornesvåg, Laura Brekke Teigene, Leon Abrahamsen, Aron Bjørnstad, Olai Ringstad, Moldskred. Oliver Røyset Haddal, Peter Brandal, Sanjay Kannan, Yakob Tesfay.

Oppstart: Vi hadde oppstart Mai 2021 for G/J2015

Trenigar: Kvar Onsdag 1700-1800 Hadarhallen– Oppmøte trenere 1630 for klargjering til trening. Oppstart frivillig ekstra trening Søndagar frå 07.11. Tidspunkt 1630-1800 / Hadarhallen

Turneringar: Vi har kun fått delta på Tare Cup i Ulsmohallen 16.10.21 med stor suksess. Her stilte vi med 4 lag totalt 22 stk. to lag med seks og to lag med fem. Ingen turnering arrangert av Hareid.

Økonomi: Vi har hatt innsamlings kampanje via Spond og gruppens totale sal er på overkant 17.000,- Det er også blitt sendt ut Spond Cash back der ca halvparten av gruppen er registrert. Her er målet å få alle i gruppen med.

Oppsummering:

Vi har komt godt i gang med oppstarten for dette kullet. I starten var der ca 20 spelere som var med og dette har økt til 29 utover hausten. Vi er i snitt 24 stk på kvar trening. I starten var der med seks jenter der fire ble med over til Silja Øvreli sitt jentelag. Dei to som er igjen er der hovudsakleg pga trenings tiden til Silja kræsjer med annen aktivitet.

Vi har fått på plass trenere med hjelpe apparat. Vi har fått veldig god kontroll på Spond der alle foreldre er registrert. Vi har opprettet egen facebook side som blir brukt kun til lag bilder osv. Sjølv treninger har vi lært underveis på korleis en skal klare å holde alle unger aktiv under heile trening med minimum til ingen venting/kø. Framover blir det enda meir fokus på føring med ball.

Kim Tore Husøy er den einaste blant trenarane som har grasrot trener kurs, men dei seks andre har meldt seg på og holder på å utføre Grasrot trener delkurs 1. Lagleder Janita Naustenget har også meldt seg på dette kurset.

Vi planlegger lagbilde og spiller bilde før Juleferien.

Vi er 29 medlemmer og ser absolutt eit behov for å kunne disponere heile hallen på Onsdags treninger. Dette er eit ønske vi vil formidle til Hareid IL om det er mulig få få til.



Ludvig Naustenget, Trym Pedersen, Laura Brekke, Yakob Tesfay, Oliver Haddal



Peter Branda, Peder Jarnes, Daniel haugem, Konrad Lynge, Vilde Øvrelid, Aron Trulsen



Aron Haddal, Trym Hammervold, Emil Rosland, Bror Stokkevåg, Aslak Røyset



Årsmelding sportsleg utval, Hareid IL Fotball, 14. juni til 7. november 2021

1. Om utvalet

Etter at det tidlegare på året ikkje hadde vore eit sportsleg utval i klubben, vart det til slutt sett ned eit utval i juni. Dei åtte personane som hadde takka ja til å sitje i utvalet møttest på klubbhuset 14. juni.

Vi vart einige om at vi i perioden fram til neste årsmøte kunne ta på oss ansvaret for hospitering og trenarkabalar. Retningslinjene skulle grovt sett vere dei same som sportsleg utval opererte med mellom 2010 og 2016. Dessutan ville nokre andre oppgåver ligge hos dagleg leiar, som også vart kontaktperson for utvalet.

Det vart laga ei fordeling av arbeidsoppgåver:

Trenarkabalar senior: Anders Mork, Eiliv-Tore Howlid, Cecilie Skeide

Trenarkabalar ungdomsfotball: Emil Johannes Dahlen Folkestad og Benjamin Slettebakk

Hospitering ungdomsfotball: Einar Orten Trovåg

Hospitering barnefotball: Espen Beiermann

Trenarkabalar barnefotball (der det har vore behov): Ola Kalvø Vattøy

OKV og EOT har vore «informasjonsansvarlege» for utvalet.

Etter kvart som arbeidsmengda vart større utover hausten vart arbeidsoppgåvene meir flytande mellom medlemmane. Dei som hadde mest kapasitet jobba også med andre område enn dei eigentleg var sett opp på.

Det har generelt sett vore høg arbeidsmoral i utvalet, trass i mykje å gjere. Samtidig ser vi at åtte medlemmar i eit underutval er for tungt byråkratisk (les: mange ekstra telefonar for å sjekke at alle relevante personar er einige).

2. Interne møte

Utvalet har hatt tre interne møte der alle har vore samla, eitt oppstartsmøte og to om trenarkabalar.

3. Andre møte

Etter ønskje frå trenarar arrangerte vi 12. august gjennomgang av sportsplanen. Det vart også notert ned nokre ønskje om endringar i sportsplanen. Etter møtet sende vi ballen over til styret for å høyre kva som skulle gjerast med sportsplanen vidare, men vi har ikkje hørt noko.

Det har elles blitt halde åtte møte med ulike lag/enkeltpersonar om trenarkabalar, der fleire frå sportsleg utval har møtt.

Det har også blitt halde to møte med trenarane til a-laget for menn om stallen før haustsesongen.

Det vart dessutan halde eit møte i sommar om samarbeid på tvers av nokre av ungdomslaga.

Vi har også delteke og halde innlegg under oppstartsmøte for a-laget (menn).

I tillegg kjem sjølvsgatt ei rekkje telefonmøte.

4. Hospitering

Så fort utvalet var sett ned – og ein periode utover sommaren – kom dei ei rekke innspel/klagar frå trenarar/lagleiarar på at hospiteringa i klubben ikkje fungerte. Det skal ha vore mange lause og til dels hemmelege avtalar mellom enkelte lag som andre meinte var feil. Sportsleg utval meiner dette skuldast dårlig kommunikasjon og lite klubbstyring. Etter at vi tok opp temaet om hospitering og korleis det skal fungere under det nemnde møtet 12. august har vi ikkje fått ein einaste klage på hospitering resten av sesongen...

5. Trenarkabalar

I slutten av juni måtte vi gjere nokre endringar i trenarapparatet til SMG13-14. Elles har arbeidet handla om å skaffe trenarkabalar for sesongen 2022. Vi har her fått eit budsjett med fotballstyret som vi har halde oss til. Vi ser at budsjettet er svært lite samanlikna med samanliknbare klubbar, men per 7. november ser det ut som vi har ein OK sjanse til å klare å skaffe trenarar for alle aktuelle lag innanfor budsjett.

Tradisjonen er at sportsleg utval skaffar (eller fornyar) trenarar i seniorfotballen og ungdomsfotballen, medan barnefotballen styrer seg sjølv.

Unntaka denne gongen er at dagleg leiar har skaffa fire ekstra trenarar fordele på to lag i barnefotballen, medan eitt av laga i ungdomsfotballen fekk mandat til å lage sitt eige trenarteam.

Vi listar ikkje opp alle namn for trenarar her, men vi har kontinuerleg lagt ut namn på nye (og gamle) trenarar på fotballgruppa si interne facebookside så fort ting har blitt klare.

6. Ekstratreningar og evt. andre tiltak

Vi starta opp med ekstratreningar for dei i 11-14 års alderen i august. Dette var eit svært populært tiltak som Håvard Knudsen Bjåstad og Gustav Klovning Bjørlykke tok ansvar for. Ekstratreiningane vart halde annakvar laurdag frå kl. 11-12.30. Oppmøte var stabilt på rundt 20 spelarar.

Planen var også å halde keepertrening under denne ekstratreininga. Vi hadde i grunnen ein avtale med Kevin Hestholm om at han skulle halde desse keepertreiningane, men han måtte takke nei grunna jobb. Vi har planar om å fortsette med ekstratreningar til neste år, men må sjå an situasjonen til Gustav og Håvard i og med at dei er trenarar for G14. Vi satsar også på å få på plass nokon som kan ta seg av keepertreningar.

Vi har hatt 7 spelarar på Satellitt-samling gjennom hausten og 2 spelarar på bylag.

7. Sportsleg vurdering av sesongen

Ein sesong noko under pari for senior- og ungdomsfotballen samla sett, men med mykje lys i enden av tunnelen.

Resultata og prestasjonane har sjølvsagt vore prega av koronapausen.

A-laget menn hadde eigentleg ein veldig brei og solid stall, men dessverre (for oss) var det denne sommaren langt over gjennomsnittleg mange som reiste ut for å studere. I kombinasjon med mange skadar (som indirekte også har med koronapausen å gjøre), så gjorde det at stallen vart mindre og ikkje fullt så robust som håpa. Med eit par marginar rett veg eit par kampar kunne det blitt ei trygg plassering opp mot midten. I staden vart det ein merkeleg haust, der det var siger i første og siste kamp – og derimellan heile ni tap på rad.

Dermed vart det opp til avdelingsvinnar Hødd 2 om Hareid skulle halde plassen – og heldigvis vann Hødd 2 samanlagt 4-2 mot Tomrefjord og rykte opp. Dermed spelar vi faktisk i 4. divisjon neste år også...

Som følgje av koronasituasjonen og usikre spelartal valde elles damelaget å spele i 4. divisjon (niar) i staden for 3. divisjon, medan Hareid 2 spelte i sjuarserien i staden for 6. divisjon. I desse divisjonane har desse laga klart seg veldig godt. Damelaget enda på øvre halvdel, medan Hareid 2 vann serien og vart kretsmeistrar.

Trenarane til damelaget har nettopp sagt frå seg å gå på ein ny sesong fordi dei meiner det er få spelarar som vil satse skikkeleg til at det blir ei solid treningsgruppe. Vi håper likevel å få til eit godt opplegg, men her har vi ikkje fasiten i hende per 7. november.

I ungdomsfotballen har prestasjonane vore midt på treet. Juniorlaga heva seg eigentleg godt i si 2. divisjonsavdeling, men tapte tre kampar med eitt mål og hamna dermed midt på. Juniorlaget har nok ein gong fungert godt, mykje takka vere god organisering frå trenaren Anders H. Pilskog.

På G16-nivå hadde Hareid eigentleg meldt på to lag, men så sluttar dessverre mange spelarar – og dei hadde meir enn nok med å fullføre sesongen med eitt lag. Det positive er at mange i G16-gruppa fekk verdifull kamptrening på juniorlaget (nokre også på a-laget).

SMG13-14 (med stor overvekt av 13-åringar) stilte to lag, medan J13 og J15 stilte eitt kvar.

I barnefotballen ser vi at det gror godt i veldig mange kull. Her ser vi at mange ex-spelarar (og andre) gjer ein god jobb for å få opp nye lag og talent. Med god organisering og helst også ein spelarutviklar på plass, så trur vi framtida til Hareid-fotballen ser svært spennande ut.

Tusen takk til alle som har stått på denne vanskelege sesongen!

Hareid. 7. nov. 2021.

Tekst: EOT og OKV

Treningsavgift og foreldretrenar-godtgjersle

- Framlegg til årsmøtet i fotballgruppa 2022

Styret foreslår følgjande treningsavgifter for sesongen 2022:

Nivå	Alder	Sum		
Senior A H/D	20 -	2.800	per år	Inkludert forsikring
Senior B	20 -	2.100	per år	Inkludert forsikring
Juniorlag	17-19	2.600	per år	
G & J	15-16	2.600	per år	
SG & SJ	13-14	2.100	per år	
LG & LJ	11-12	1.600	per år	
LG & LJ	10	1.300	per år	
MG & MJ	6-9	1.000	per år	

Dette er ei auke på kr. 100 frå 2020-sesongen.

Ved manglende betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utesengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretslagstiltak og Norway Cup. Spelrarar som ikkje har betalt avgift kan fortsatt trene med laget dersom ein har oppretta dialog med dagleg leiar om nedbetalingsplan/betalingsordning.

Det vert gjeve følgjande rabattar:

20 % frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalande søsken

20 % frådrag for alle born av lagleiar

20 % frådrag for eldste aktive born av representant i styret.

50 % frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.

100 % frådrag for alle born av hovudtrenar(HT). **1 HT pr. lag.**

50% frådrag for born av hjelptrenar(HjT). **2 HjT pr. lag.**

Kvar klasse kan i utgangspunktet kun ha inntil 3 trenarar(1HT+2HjT) og 2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa, skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar få refundert medlemskontingenten.



Godtgjersle for foreldretrenarar

I tillegg til overnemnde foreslår styret følgjande godtgjersle for foreldretrenarar som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

Alder		
6-9	Gåvekort på klubbutstyr til inntil kr. 1000,- på Sport1 Hareid	+ HIL-gensar
10-12	Gåvekort på klubbutstyr til inntil kr. 1500,- på Sport1 Hareid	+ HIL-gensar
13-19	Gåvekort på klubbutstyr til inntil kr. 2000,- på Sport1 Hareid	+ HIL-gensar

Ei forutsetning for dette er at leiarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med innsamling av treningsavgift.